



ROALD INGE OLSVOLD
Olsvold
5938 SÆBØVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helen Haaland, 5764 3080

Svar på søknad om dispensasjon frå søknadsfrist - produksjonstilskot 2019, del 2

Vi viser til søknad om dispensasjon frå søknadsfrist for produksjonstilskot, innsendt 23.02.2020. Søknaden vart oversendt frå Alver kommune 06.03.2020

Vedtak

Fylkesmannen gjev med heimel i *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9*, føretaket Roald Inge Olsvold, dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2019.

Bakgrunn

Du oppdaga ved utbetaling av produksjonstilskotet at du ikkje hadde fått tilskot til areal og dyr på beite. Du meiner at du ikkje har fått sendt søknaden innan fristen. Vi har innhenta opplysningar frå Landbruksdirektoratet og dei opplyser: «*I loggen for del 2, søknadsomgangen 2019, finnes det spor etter foretak med orgnr. 977307694. Loggen viser at foretaket har vært inn i søknaden 13.10.2019 mellom kl. 09.46 og 10.23*». Loggen viser også at det lagt inn opplysningar i søknaden.

Regelverk

I følge *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (forskrifta)* og *Veileder til søknad om produksjonstilskudd*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid, og det same gjeld endringar i søknaden. Søknadsfristen er 15. oktober med frist for endring 29. oktober. I 2019 vart søknadsfristen utsett til 29. oktober. Fylkesmannen kan i særskilde høve dispensere frå søknadsfristen (§9). Formålet med forskrifta er å bidra til eit aktivt og berekraftig jordbruk innafor dei måla som Stortinget har trekt opp (§1).

Vurdering

Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søkjar overheld dei ulike fristane i samband med søknad om produksjonstilskot.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2019 – 34 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfeller». Det tyder at



det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta.

Regelverket kring dispensasjon frå søknadsfristen er strengt. At du har registrert opplysningar i ein søknad som ikkje vart sendt inn er i følgje regelverket ikkje grunnlag for dispensasjon, men vi har kome til at i denne saka legg vi vekt på at søkjar har gjort ein aktiv og dokumentert innsats for å søke om tilskot. Med kring 5800 føretak som søker om produksjonstilskot i Vestland viser erfaringa at det berre er nokre ytterst få som får problem i søknadsfasen. Det i seg sjølv talar for at dette er eit særleg tilfelle.

Det er ei klar målsetting for landbrukspolitikken at forvaltninga skal vere effektiv og brukarvenleg. Elektronisk søknadsskjema med kontroll mot nasjonale register er det desidert mest effektive tiltaket som er innført. Vi har difor på ulike måtar søkt å skape tillit til det digitale søknadssystemet og vil unngå at mange, for å sikre seg går, tilbake til å søke på papir.

Fylkesmannen meiner at terskelen for dispensasjon må vere lågare ved tekniske brot på forskrifta enn ved andre brot. Her er det snakk om søknadstidspunktet, og det er ein openberr feil at søknaden ikkje vart sendt inn. I dette konkrete tilfellet vil ikkje ein dispensasjon bryte med formålet i forskrifta. Vi meiner terskelen for dispensasjon må vere høgare i saker der søkjar bryt med formålet i forskrifta eller med reglar knytt til dyrevelferd og god miljømessig drift.

Ved innsending av søknad får du opp eit vindauge med stadfesting på innsendt søknad. Det vert samtidig sendt ei stadfesting til føretaket sin Altinn-innboks. Vi tilrår at det vert sjekka at kvittering er mottatt etter at søknaden er sendt inn. Sjå rettleiingshefte «*Veileder til søknad om produksjonstilskot og tilskudd til avløyning ved ferie og fritid. Søknad 2019.*» I kap 5.12.5.

Sidan ny søknadsomgang er opna er det ikkje lenger mogleg å sende elektronisk søknad for 2019. Du må difor levere søknad for 2019, del 2, på papir innan **31.03.2020**. Ta kontakt med Alver kommune om du har spørsmål til dette.

Klagerett

Etter forvaltningslova kap.VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland
fylkesagronom

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG